



Innkalling til Utval for levekår

Møtedato: 01.04.2014
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 16:00

Medlemene vert med dette kalla inn til møte. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er, tlf. 56 17 10 00, slik at varamedlem kan verte innkalla.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
12/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
13/2014	Godkjenning av møtebok
14/2014	Referatsaker
15/2014	Orientering om bibliotekprosjektet Praksisfelleskap: to bibliotek, ein struktur
16/2014	Søknad om spelemidler - lokale kulturbygg - modernisering av kjøkken på Framtun
17/2014	Høyringssak - reservasjonsordning for fastlegar
18/2014	Temaplan helse, sosial og omsorg 2015-2018
19/2014	Ny samarbeidsavtale i vertskommunesamarbeid om krisesenter jfr kommunelova § 28-1 e
20/2014	Kunnskapsdokument folkehelse
21/2014	Aktuelle saker

26. mai 2016

Kåre Skibenes
møteleiar

Rita Cecilie K. Sætre
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Rita C. Kvalheim Sætre		14/1407

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
12/2014	Utval for levekår	PS	01.04.2014

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Rita C. Kvalheim Sætre		14/1407

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
13/2014	Utval for levekår	PS	01.04.2014

Godkjenning av møtebok

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Rita C. Kvalheim Sætre		14/1407

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
14/2014	Utval for levekår	PS	01.04.2014

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
14/2014.1	Referat SU for NH - 170214
14/2014.2	Protokoll - møte i Helseutvalet 31.01.2014
14/2014.3	Referat politiråd 14 02 14
14/2014.4	Ref møte i adm nemnd 070314
14/2014.5	Protokoll HU 14.03.14

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Bente Bing Kleiva	FA - C60	14/1361

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
15/2014	Utval for levekår	PS	01.04.2014

Orientering om bibliotekprosjektet Praksisfellesskap: to bibliotek, ein struktur

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Einingsleiar for kultur vil gje ei munnleg orientering i møtet.

Vurdering

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

Skriv inn forslag her

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne		14/582

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
16/2014	Utval for levekår	PS	01.04.2014

Søknad om spelemidler - lokale kulturbygg - modernisering av kjøkken på Framtun

Vedlegg:

Revidert finanseringsplan rehabilitering kjøkken Framtun

Vedlegg 2 Detaljert Prosjektbudsjett

Vedlegg 4a Driftsplan ULF 2014_14

Vedlegg 1c Perspektivtegning-25_4

Vedlegg 1b Perspektivtegning-24_3

Vedlegg 1a Plantegning - kjøkken

Spelemiddelsøknad

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Ungdomslaget Framsteg ønsker å rehabiliter kjøkkenet på Framtun, anleggsnr 1256004601. Dei har søkt om spelemidler til kulturbygg med kvittering datert 9.2.2014. Totalkostnaden er kr 465 669 og ein kan søke om inntil 1/3 i spelemidler. Frist for endeleg innsending til Hordaland fylkeskommune er 15.3.

Vurdering

Framtun er eit svært viktig kulturbygg og forsamlingshus nord på Holsnøy. Bygget blir blant anna brukt til ungdoms- og fritidsklubb, lokalkino, konsertar, markeringar og utleige. Bygget er frå 1935, men hadde ikkje eit kjøkken før rundt 1970. Sidan har kjøkkenet blitt heldt ved like med mindre utskiftingar og innstallering av ventilasjon. Framtun er eit sentralt samlings- og kulturhus i Rossland/Vikebø-området og har ein svært viktig funksjon i lokalmiljøet. For å kunne fortsette å vere aktuelt for bruk og utleige er det behov for eit nytt og moderne utstyrt kjøkken tilpassa dei krava ein har i dag og i framtida. Laget vil òg bruke kjøkkenet til matlagingskurs for barn og unge. Økonomien i UL Framsteg er god, men det er naudsynt med eit moderne kjøkken for å kunne oppretthalde utleigen og bruken av Framtun. Drifta av huset er avhengig av utleige.

Tiltaket skal finansierast slik: Totalkostnad kr 446 669. Spelemidler kr 155 223, dugnad kr 56 000, kommunale kulturmidlar frå 2013 kr 20 000, egenkapital kr 234 446.

Konklusjon

Rehabilitering av kjøkkenet på Framtun vil styrka bygget som kultur- og samlingshus. Ungdomslaget Framsteg vil òg stå betre rusta for framtida, som den viktige sosiale og kulturelle aktøren laget er nord i Meland kommune. Søknaden får prioritet 1 på ordninga for spelemidlar til lokale kulturbygg.

Framlegg til vedtak:

«Ungdomslaget Framsteg sin spelemiddelsøknad om kr 155 223 – 1/3 av totalkostnad på kr 465 669 – til spelemidlar til lokale kulturbygg blir godkjend. Søknaden får prioritet 1 på ordninga for spelemidlar til lokale kulturbygg»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Tord Moltumyr	FA - G21, TI - &13	14/1136

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
17/2014	Utval for levekår	PS	01.04.2014

Høyringssak - reservasjonsordning for fastlegar

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt på høyring framlegg om endringar i helse- og omsorgstenestelova og pasient- og brukerrettighetslova om reservasjonsmulighet for fastlegar.

Ingen legar i Meland har reservert seg mot dei oppgåver som er omfatta av framlegget til lovendring.

Vurdering

Administrasjonen har ikkje utarbeidd framlegg til høyringsuttale i saka. Administrasjonen legg saka fram til politisk handsaming utan framlegg til vedtak.

Framlegg til vedtak:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Kvam		14/1333

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
18/2014	Utval for levekår	PS	01.04.2014
	Utval for levekår	PS	

Temaplan helse, sosial og omsorg 2015-2018

Vedlegg:

Versjon 24.03.14 - Temaplan helse, sosial og omsorg 2015-2018

Versjon 24.03.14 - Alkoholpolitisk handlingsplan i Meland kommune

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Overordna mål i kommuneplan må konkretiserast med strategiske vegval og virkemiddel. Dette er løysingar som skal kunne dokumentere at Meland kommune arbeider målretta, systematisk og langsiktig for å nå visjon om å vere eit samfunn for alle.

Meland kommune skal planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda slik at tenesta sitt innhald og omfang er i samsvar med fastsette lovkrav og innbyggjarbehov. Forvaltning og tenesteyting skal organiserast slik at den er best mogleg skikka til å forvalte samfunnsansvaret kommune har. Dette tyder mellom anna at den einskilde innbyggjar kan leve eit trygt, meningsfullt og mest mogleg sjølvstendig liv uavhengig sosiale og helsemessige utfordringar eller funksjonssvikt. Heilskapleg og samanhengande tenester i eit livsløpsperspektiv kombinert med individuelt tilpassa tilbod av god kvalitet er difor sentralt.

Temaplan er del av kommunen sin verksemdstyring. Kommuneplan er overordna og langsiktig, og temaplan skal nyttast som eit mål- og strategidokument med rullering kvart 4. år. Temaplan skal syne retningsval meir enn å vere tiltaksorientert. Konkrete val av ressursinnsats og tiltak må relaterast til årleg budsjettprosess, samt eigne handlingsplanar for dei einskilde tenestekområde.

Det er ei samla målsetting at strategival innan helse, sosial og omsorg skal bidra til å sikre at forvaltning og tenesteyting i Meland kommune kan dokumentere å:

- vere virkningsfulle og føre til planlagd gevinsthausting
- vere trygge og sikre for å unngå utilsikta hendingar
- involvere brukar og gje reell medverknad
- vere samordna og prega av kontinuitet
- utnytte ressursane på ein god og effektiv måte
- vere tilgjengelege og rettferdig fordelt

Alkoholpolitisk handlingsplan ligg som vedlegg til temaplan.

Vurdering

Administrasjon legg no fram eit utkast til plandokument for drøfting i Utval for levekår. Planarbeidet er i kontinuerleg framdrift, og er difor ikkje eit endeleg utkast til høyringsdokument. Aktuelle innspel og drøftingar i utvalet vert innarbeida i plandokument, og temaplan er planlagt sendt på høyring medio april. Temaplan med vurdering av høyringssvar er deretter planlagt handsama i Utval for levekår 3. juni og Kommunestyret 18. juni.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon

Rådmann legg fram eit utkast til temaplan innan helse, sosial og omsorg. Alkoholpolitisk handlingsplan ligg som vedlegg. Utkast til temaplan er eit arbeidsdokument, der aktuelle innspel frå utvalet vert å innarbeide før utsending til høyring og vidare politisk handsaming.

Framlegg til vedtak:

Utval for levekår ber administrasjon innarbeide aktuelle innspel frå drøfting i utvalet jamfør utkast for Temaplan helse, sosial og omsorg samt Alkoholpolitisk handlingsplan. Utvalet ber administrasjon sende plandokument på høyring medio april, og førebu politisk handsaming i juni 2014.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Kvam	FA - H43, TI - &01	14/1270

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
19/2014	Utval for levekår	PS	01.04.2014
	Kommunestyret	PS	
	Utval for levekår	PS	

Ny samarbeidsavtale i vertskommunesamarbeid om krisesenter jfr kommunelova § 28-1 e

Vedlegg:

Ny samarbeidsavtale i vertskommunesamarbeid om krisesenter til behandling i samarbeidskommunane, kommunelova § 28-1 e

KS sak 116-10 Samarbeidsavtale om krisesentertilbud for kommunar i Hordaland

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmann viser til kommunestyret sak 116/10 om etablering av samarbeidsavtale mellom Bergen kommune (vertskommune) og kommunar i Hordaland vedkomande krisesentertilbud. Ein viser og til gjeldande lovkrav jamfør Lov om kommunale krisesentertilbud.

Bergen kommune har fatta vedtak om å etablere ny og oppdatert samarbeidsavtale jamfør vedlegg. Nemnde samarbeidsavtale frå 2011 er i hovudsak justert grunna at fleire kommunar i Hordaland sluttar seg til avtalen. Føresetnadane for at Meland kommune slutta seg til samarbeidsavtalen frå 2011 er ikkje endra.

Vurdering

Rådmann vurderer at det er føremålstenleg at Meland kommune vidarefører samarbeidsavtale om krisesentertilbud slik den ligg føre. Kommunen delegerer dei oppgåver og mynde som er naudsynt for at Bergen kommune skal kunne ta på seg ansvar som vertskommune.

Meland kommune har uavhengig samarbeidsavtale ansvar etter Lov om kommunale krisesentertilbud. Dette gjeld mellom anna å sikre vurdering av naudsynte supplerande lokale tiltak.

Folkehelse

- Ingen merknad

Miljø

- Ingen merknad

Økonomi

Meland kommune vidarefører økonomisk ansvar jamfør samarbeidsavtale frå 2011, og ny avtale punkt e) fastset økonomisk oppgjer for perioden frametter. Meland kommune sitt ansvar for 2013 var kr. 265.750,-, og det er budsjett for 2014 med kr. 290.000,-.

Konklusjon

Meland kommune sluttar seg til samarbeidsavtale om krisesentertilbud slik den ligg føre.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at Meland kommune v/rådmann held fram administrativt vertskommunesamarbeid i samsvar med «Samarbeidsavtale, kommuneloven §§ 28-1 a og 28-1 b jamfør § 28-1 e, mellom Bergen kommune som vertskommune og samarbeidskommuner, om krisesentertilbud i henhold til lov av 19. juni 2009 nr 44 om kommunale krisesentertilbud.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Tord Moltumyr		14/1352

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
20/2014	Utval for levekår	PS	01.04.2014
	Kommunestyret	PS	

Kunnskapsdokument folkehelse

Vedlegg:

Kunnskapsdokument V 21.03.14.endelig

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar kunnskapsdokument folkehelse til vitande.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Rita C. Kvalheim Sætre		14/1407

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
21/2014	Utval for levekår	PS	01.04.2014

Aktuelle saker

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak: